

Europaparlamentet 10. – 13. desember: Brexit, partnerskapsavtaler med Japan og europeisk arbeidsmarknadsbyrå

13. desember 2018

- *Europaparlamentets la vekt på å vidareføre normal aktivitet trass skytinga på julemarknaden i Strasbourg tysdag*
- *Ein debatt om brexit vart avlyst pga. den utsette avrøystinga i det britiske underhuset, men Europaparlamentet understrekar at avtalen med Storbritannia ikkje kan reforhandlast*
- *Parlamentet ga med stort fleirtal tilslutning til avtaler om økonomisk og strategisk partnerskap med Japan*
- *Parlamentet er klart for forhandlingar med Rådet om mellom anna forskingsprogrammet Horisont Europa, trygdekoordinering og framlegget til arbeidsmarknadsbyrå*
- *Parlamentet vedtok med stort fleirtall to fråsegner om skattlegging av digitale selskap*

Skytinga på julemarknaden i Strasbourg

Sjølv om ingen møter vart avlyst etter skyteepisoden på julemarknaden tysdag kveld, sette hendinga likevel sitt preg på byen og Parlamentet. Ingen som var i Europaparlamentet da hending skjedde, fekk forlate Parlamentet før rundt klokka halv tre natt til onsdag. Ved opninga av sesjonen onsdag morgon viste parlamentspresident Tajani til at Strasbourg er symbolet på fred og forsoninga mellom Frankrike og Tyskland etter andre verdskrigen. Han sa det var eit viktig signal at Europaparlamentet hadde fortsatt sitt vanlege arbeid tysdag kveld. Det var eit minutt stillheit for ofra onsdag klokka 12:00 i Plenumssalen. Hendingane i Strasbourg kom rett etter at [Parlamentet drøfta tiltak mot terrorisme](#) tysdag ettermiddag.

EU-toppmøtet 13. og 14. desember

EUs stats- og regjeringssjefar møtes i [Det europeiske råd i Brussel 13. og 14. desember](#). Europaparlamentet drøfta toppmøtet tysdag. Det austerriske formannskapet gjekk summarisk gjennom dagsorden som omfattar både EUs langtidsbudsjett, migrasjon, den indre marknaden, kampen mot antisemittisme og framandhat og reform av eurosamarbeidet.

Kommisjonspresident Jean-Claude Juncker snakka om brexit (sjå nedanfor). Han ga elles ros til Austerrike for framgangen knytt til forhandlingane om langtidsbudsjettet og gjentok at målet er budsjettvedtak for valet i mai. Han tok til orde for å vedta dei fem framlegga knytt til migrasjon og asyl som det er semje om jamvel om det ikkje er semje om t.d. reform av Dublin-samarbeidet. Det er også viktig å fullføre reforma eurosamarbeidet og bankunionen.

Utover brexit var også fleire av gruppene opptatt av manglande framdrift i reforma av eurosonen og viste til at EU ikkje er budd for ein ny finanskrise. Dei etterlyste i tillegg framdrift på migrasjonsområdet og budsjettforhandlingane. Sentrum høgre gruppa (EPP) sa det er viktig å investere på ein måte som legg grunnlag for langsiktig vekst. Den grønne gruppa sa EU burde leggje meir pengar på bordet for å sikre eit grønt skifte og at dette burde skje i samband med klimatoppmøtet i Katowice. Sentrum venstre-gruppa (S&D) kritiserte Austerrike for svakt leiarskap og for ikkje å ha signert FNs globale migrasjonsplattform. Både

den konservative gruppa (ECR) og den liberale gruppa (ALDE) etterlyse tiltak for å styrke den indre marknaden.

Brexit

Det austerriske formannskapet nemnde ikkje nemnde brexit i si innleiing om toppmøtet denne veka. Det gjorde derimot kommisjonspresident Jean-Claude Juncker som var overraska over at brexit igjen kjem på dagsorden under toppmøtet. Avtalen med Storbritannia ligg fast, men at EU sjølv sagt er villige til å bidra til å avklare og tolke den framforhandla semja. Det er uansett klart at Irland ikkje vil bli overlatt til seg sjølv sa han.

Ein planlagt debatt om brexit onsdag morgon vart avlyst pga. av at avrøystinga om brexit-avtalen i det britiske parlamentet vart utsett. Mange av dei politiske gruppeleiarane kommenterte situasjonen. Både EPP, S&D, ALDE og Dei grøne understreka at det ikkje er aktuelt å reforhandle avtalen og la spesielt vekt på at dei stiller seg bak Irland. Dette blir også [understreka i ei pressemelding frå Europaparlamentet](#) etter eit møte i parlamentets presidentskap onsdag. Det same budskapet hadde Danuta Hübner (EPP, Polen) da ho orienterte om brexit på møtet i den felles EØS-parlamentarikarkomiteen onsdag. Hübner er leiar for konstitusjonskomiteen og medlem av Parlamentets styringsgruppe for brexit. Frå Stortinget deltok Svein Roald Hansen (A) og Carl-Erik Grimstad (V) på møtet i parlamentararikomiteen.

Japan partnerskapsavtale

[Parlamentet ga onsdag](#) med stort fleirtal (474 mot 152 og 40 blanke) samtykke til den økonomiske partnerskapsavtalen med Japan og med enda større fleirtal (535 mot 84 og 45 blanke røyster) samtykke til ein strategisk partnerskapsavtale. I debatten tysdag understreka handelskommissær Cecilia Malmström og saksordførarane at avtalene både er økonomisk og strategisk viktige, ikkje minst i ein situasjon der det internasjonale, regelbaserte samarbeidet er under press. Det vart også vist til at avtalene ikkje berre sikrar marknadstilgang for nesten alle varer og tenester, men også at dei sikrar samarbeid og vidare utvikling av standardar for miljø, bærekraft og arbeidstakarrettar. Det blir i tillegg arbeidd med ei særskilt avtale om vilkår for utveksling av persondata og datatryggleik.

Alle dei største gruppene (EPP, S&D, ECR og ALDE) var positive til avtalene. Også ytre høgre-gruppa EFDD var positive fordi den sikrar marknadstilgang for italienske landbruksprodukt. Dei understreka at Japan er ein stabil og likesinna partner som det er viktig å styrke kontakten med. Ytre venstre-gruppa (GUE/NGL) og Dei grøne var kritiske til avtalene som dei meinte gir for stor makt til store selskap og for lite til innbyggjarane. Dei hevdar også at avtalen vil føre til at offentlege tenester må konkurranseutsettast og at det hadde vore lite innsyn i forhandlingane. Også enkelte S&D-innlegg var kritiske og viste bl.a. til at den trugar japanske bønder. Det førte til eit hjertesukk frå tilhengjarar av avtalen. Dei viste til at motstandarar av frihandelsavtaler som regel er uroa for europeiske bønder, men at det i dette tilfelle er uro for at avtalen er for god for europeiske bønder.

Kommissær Malmström sa ho respekterte at folk er mot frihandelsavtaler, men bad mostandarane slutte å spreie løgner. Det er ingenting i avtalene som krev at land må konkurranseutsette offentlege tenester eller hindrar land frå å ta tenester som er konkurranseutsette tilbake i offentlig regi. Samstundes viste ho til at Kommisjonen løpande har publisert forhandlingsmandat, resultat frå forhandlingsrundene og faktark om avtaleutkasta. Den endelege avtalen har også vore tilgjengeleg sidan sommaren 2017. Dette kan ikkje kallast hemmelegald sa ho.

Klart for forhandlingar om programma for forskning, forsvar og trans-europeiske nettverk
[Parlamentet stadfesta innstillingane](#) frå ulike komitear som grunnlag for forhandlingar med Rådet om ulike program i neste budsjettperiode. Dette omfattar forskingsprogrammet, det europeiske forsvarsfondet og transeuropeiske nettverk. Det var eit stort fleirtal i Parlamentet som går inn for å auke budsjettet for forskingsprogrammet med 36,5 mrd. euro i høve til Kommisjonenens framlegg.

Klart for forhandlingar om arbeidsmarknadsbyrået og trygdekoordinering
Europaparlamentet ga tysdag samtykke til å starte trilogforhandlingar med Rådet og Europakommisjonen om både framlegget til eit [arbeidsmarknadsbyrå](#) (ELA) og [ny forordning om trygdekoordinering](#). Det var eit stort fleirtal (459 mot 160 og 41 blanke) som støtta oppstart av forhandlingar om ELA basert på innstillinga frå arbeids- og sosialkomiteen (EMPL). Det var derimot større usemje om innstillinga frå EMPL om trygdekoordineringsforordninga. Tre grupper (EPP, ECR og ALDE) var misnøgde med resultatet i komiteen og bad om at innstillinga blei handsama i neste plenum. Eit fleirtal på

345 mot 287 røyster og 24 blanke gjekk likevel inn for å starte forhandlingar basert på komitéinnstillinga. Altinget.dk skreiv denne veka at både den danske regjeringa og mange danske europaparlamentarikarar hadde vona på eit anna resultat. Grunnen er at dei meiner dette mandatet vil gjere det vanskelegare å få gjennomslag for Danmarks mål om å hindre at mobile arbeidstakarar kan opptene dagpengar frå dag ein.

Europas framtid og Kypros

[Den kypriotiske presidenten Nicos Anastasiades](#) deltok i ein debatt om EUs framtid. Han la vekt på at EU må svare på dei utfordringane innbyggjarane opplever og gjere det betre enn i dag. Han viste til utfordringar knytt til t.d. migrasjon, klima og digitalisering og sa det er viktig at det neste langtidsbudsjettet prioriterer pengebruk på område dei kastar mest av seg. Han tok til orde for byrdefordeling på migrasjonsområdet og viste til at landa i Middelhavet har tatt den største belastninga så langt. Middelhavslanda vil også merke klimaendringane i stor grad. Kypros er positiv til styrka EU-samarbeid på forsvarsområdet, men dette skal vere eit samarbeid knytt til nettopp forsvar og avskrekking og ikkje for å etablere ei offensiv militærmakt. Kypros ynskjer å vere eit fyrtårn for stabilitet i det austlege Middelhavet, men dette er vanskeleg så lengje øya er delt.

Visepresident Jyrki Katainen frå Kommisjonen brukte mykje av sitt innlegg til å snakke om behovet for rask semje om neste langtidsbudsjett. I debatten etterpå var det lite fokus på EUs framtid og mest fokus på situasjonen på Kypros og tilhøvet til Tyrkia. EPP var glad for støtta til forsvarssamarbeidet. S&D etterlyste meir fokus på å kjempe mot ulikskap i EU og sa det er viktig at toppmøtet i Sibiu i mai legg vekt på eit EU basert solidaritet og samhald framover.

Gratulasjon og applaus til Nobel-vinnarane

Ved opninga av plenumssesjonen gratulerte parlamentspresident Tajani dei to vinnarane av Nobels fredspris med tildelinga i Oslo. Parlamentarikarane svarte med applaus.

Status for utanriks, sikkerheits- og forsvarssamarbeidet

[Parlamentet vedtok resolusjonar](#) om status for den felles sikkerheits- og forsvarspolitikken og om den felles utanriks- og sikkerheitspolitikken. Parlamentet understreka mellom anna det

er viktig å unngå ekstern innblanding i valet til Europaparlamentet i mai 2019 og at EUs forsvarssamarbeid må vere kompatibelt med NATO-samarbeidet.

Digital skatt

[Parlamentet vedtok med stort fleirtal to fråsegner knytt til skattlegging av digitale selskap](#). I høve til Kommisjonens framlegg utvida Parlamentet lista over tenester som skal skattleggjast og senka minstenivået for skattepliktig inntekt. Parlamentets vedtak er berre rådgjevande og vedtak om ein slik digital skatt må gjerast samrøystes av medlemslanda. I Rådet er det fleire land som ikkje ynskjer ein slik skatt, samstundes som 11 land har innført eller er i ferd med å innføre ulike former for nasjonale skattesystem for digitale selskap.

Den demokratiske situasjonen i Frankrike

ECR tok ved opninga av sesjonen til orde for ein debatt om situasjonen for demokratiet i Frankrike i lys av demonstrasjonane den siste tida. Partiet viste til at det ikkje var berre når det er problem i Romania eller Tsjekkia Parlamentet bør drøfte situasjonen. Framlegget fekk ikkje støtte. Fleire av partigruppene fekk spørsmål om situasjonen på sine pressekonferansar. Både den grøne gruppa og S&D-gruppa sa Frankrike må ta grep for å sikre større sosial utjamning og EPP sa også at Macron må ta den sosiale uroa på alvor. EPP avviste at Frankrike er ein like stor trussel mot euroen som Italia og sa gruppa har støtta Macrons tankar om reform av eurosamarbeidet. Det er uansett viktig å styrke den økonomiske veksten i Frankrike.

Er den tsjekkiske statsministeren inhabil?

Parlamentet [vedtok torsdag ein resolusjon](#) knytt til ei interessekonflikt hjå den tsjekkiske statsministeren Andrej Babis. Gjennom eit holdingselskap har han eigarinteresser i 230 selskap knytt til landbruk, næringsmiddel og kjemikalie. Det har kome påstandar om at selskapa hans skal ha motteke EU-støtte på meir enn 2 millionar euro i strid med både tsjekkisk og europeisk lovgjeving. Også langt større støttebeløp som er utbetalt til selskapa hans blir granska. Kommisjonens juridiske teneste har uttalt at “impartial and objective exercise of his functions as a prime minister in relation to management of ESI [economic development] funds ... are compromised”. Parlamentet ber om tiltak for å hindre misbruk med EUs pengar og stans i utbetalingar til selskap kontrollert av Babis.

Kommentar

Kombinasjonen av at valet i mai nærmar seg og at det austerriske formannskapet ynskjer å avslutte saker før jul gjorde at det var høg aktivitet i Parlamentet denne veka. Det omfatta ekstra sesjonar med avrøystingar og debattar fram til midnatt. Avrøystingane i ein del av sakene viser at det gjennom kompromiss er mogleg å danne relativt store fleirtal i mange saker, men også at det er ulike koalisjonar som dannar desse fleirtala. Det er også interessant at Europaparlamentet – som resten av EU – stadig har ein like samla og konsistent posisjon i brexit-spørsmålet.

Med helsing

Per S. Nestande

seniorrådgjevar
Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling

Telefon: +47 23 31 36 11
Mobil: +47 917 68 598

E-post: psn@stortinget.no

www.stortinget.no